



Christina Dahl med dansk jazz i toppklasse på laurdag.

Christina Dahl med kvartetten sin kjem frå København. Ho har vitja oss mange gonger, så vi er trygge på at det blir mykje kvalitetsmusikk å sjå fram til. Så kan vi nemne at ei anna dansk stjerne - Kira Martini - kjem i klubben den 24. april. Begge desse tilstellingane blir hos Magne Huglen i Dønhaugkjedlaren. Ei særskild takk for økonomisk hjelp og støtte frå iDrift, Husnes Tannlegesenter og Vestnorsk jazzsenter.

Alle jazzinteresserte kan sjå fram til laurdag 14. mars. Då kjem som sagt den danske stjernesaxofonisten Christina Dahl med sin kvartett attende til Kvinnherad og Husnes Jazzklubb. Ho har med seg muskarane: Niclas Knudsen – gitar, Tommy Andersson – bass og Espen Laub von Lillienkjold – trommer.

Sidan sist, ho vitja jazzklubben, har ho gjeve ut eit nytt album Quintesse og hausta mange lovord om det. Jan granlie i Salt Peanuts skriv:

Det er noe ECMsk over det meste av musikken de serverer på platen. Kanskje er det på grunn av de dyktige musikantene Dahl omgir seg med, og hennes eget spill er hele veien smakfullt og deilig å lytte til. Det er aldri en tone for lite eller for mye. Hele produksjonen viser fire musikere som forstår hverandre og som har et ens mål for hvor de vil med musikken.

På konserten i Dønhaugkjellaren vil Christina Dahl presentera musikk både frå det nye albumet og frå tidlegare album.

Konserten tek til kl. 21.00. Dørane opna kl. 20.00.

Inngang: Medlemer kr. 200,- Ikkje medlemer kr. 250,-

Det er nattbuss med avgang sentrum kl. 01.15 i begge retningar.

Tekst/foto: Pressemelding

Nett: Kristian Bringedal